



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3516 - 17/36006

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2017

Utvida mellombels bruksløyve - gbnr 173/95 Rydland

Administrativt vedtak. Saknr: 629/17

Tiltakshavar: Christer Vabø
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det vart i vedtak datert 31.08.2017 gitt mellombels bruksløyve for einebustad med integrert garasje. Det vart opplyst i søknaden at arbeidet med garasjen ikkje var slutført. Frist for ferdigstilling av tiltaket vart sett til 09.10.2017.

Garasjen er framleis ikkje slutført og det vert difor søkt om utvida mellombels bruksløyve der frist for ferdigstilling av tiltaket er sett til 13.12.2018.

Ansvarleg søkjar har i søknaden gjort greie for at Seim Bygg AS avsluttar sin ansvarsrett for alle fagområde. Kommunen føreset at alle ansvarsrettar gjeld ved handsaming av omsøkte utviding av mellombels bruksløyve. Vidare handsaming av opphør av ansvarsrettar vert tatt opp i eige skriv til partane.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.12.2017.

VURDERING

Mellombels bruksløyve for bustad og garasje vert forlenga fram til 29.11.2018.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Einbustad med integrert garasje
Bygningsnummer:	300555017

VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad med integrert garasje på gbnr gbnr 173/95 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unnatak av garasje som er samanbygd med bustaden.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 13.12.2018.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3516

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Christer Haukås Vabø	Seimsstranda 205	5912	SEIM
	A		

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------